

UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for samanliknande politikk

Praksisrapport – Vestland fylkeskommune

Seksjon for statistikk, kart og analyse

Kommunal næringsstruktur – påverknad på unge sine framtidsutsikter?

Marianne Lomheim Tang

Våren 2022

Innhold:

Innleiing	1
Bakgrunn	2
<i>Vestland</i>	2
<i>Sårbare lokalsamfunn</i>	3
<i>Unge sitt bustadsmønster</i>	4
Teoretisk rammeverk	4
Data	7
<i>Ungdata 2021</i>	7
<i>Pandamodellen</i>	9
Metode	9
Resultat	11
Diskusjon	15
<i>Utdanning</i>	15
<i>Framtidsoptimisme</i>	17
Konklusjon	20
Referansar:	21
<i>Tekstreferansar:</i>	21
<i>Figur- og tabell-liste:</i>	23
Vedlegg: Panda-næringar	24

Innleiing

Regjeringa ynskjer levande lokalsamfunn og vekst i heile landet (NOU 2020:12, s. 13). Eit sentralt poeng i distriktsmeldinga som regjeringa la fram hausten 2019, var næringslivets betydning for levande lokalsamfunn (Meld. St. 5 (2019–2020)). Her vart det peika på at eit lønnsamt og vekstkraftig næringsliv kan skapa omstillingsdyktige og berekraftige lokalsamfunn og regionar. Men eit berekraftig lokalsamfunn består også av solide demografiske strukturar. Trass for vekst i næringslivets verdiskaping har befolkningsutviklinga i distrikta vore svak dei siste 20 åra og befolkninga er i større grad enn tidlegare sentralisert til byar og tettstadar (NOU 2020:12, s. 57). Vestland er ikkje noko unntak når det gjeld sentralisering av befolkninga, også her er byane i vekst medan befolkninga i bygdene eldast. I år 2040 er det venta at over 20 prosent av befolkninga i fylket vil vera eldre enn 66 år, og denne delen av befolkninga vil ikkje vere geografisk jamt fordelt. Innan den tid er det også venta at 80 prosent av innbyggjarane vil vera busette i dei 12 mest sentrale kommunane i fylket (Haugsdal 2019, s. 7). Distrikta har demografiske utfordringar blant anna grunna ei langt svakare fødselsbalanse enn byane og tettstadene (NOU 2020:12, s. 57). Delar av sentraliseringa er delvis driven av distriktsungdom som flyttar til meir sentrale strøk og etterkvart også etablerer seg der (Nordthug 2021, s. 8).

For å unngå framtidig bustadsnedgang i rurale strøk er ein avhengig av å vite kva faktorar som ligg til grunn for at unge flyttar frå distrikta. Denne analysen undersøker om unge sin vilje til å busette seg i sin heimkommune kan sjåast i samanheng med næringsstrukturen i kommunen. Problemstillinga er difor som følgjer: *Har kommunal næringsstruktur noko påverknad på unge sitt ynskje om å busette seg i sin heimkommune når dei vert vaksne, og kan dette sjåast i samanheng med kva tankar dei gjer seg om utdanning og deira optimisme for framtida?* Datagrunnlaget i denne analysen er henta frå henta frå Udata 2021 og Pandamodellen. Udata2021 er ei undersøking som vart gjennomført på ungdomsskular i nesten alle kommunar i fylket våren 2021 (Vestland fylkeskommune 2021). Som mål på kommunane sin næringsstruktur vert Herfindal-indeksen, henta frå pandamodellen, brukt (Panda analyse).

Oppgåva startar med ein bakgrunnsdel der det vert gjort greie for generelle trekk ved næringsstrukturen i Vestland, korleis faktorar som kan gjere kommunal næringsstruktur sårbar og kva som driv unge sitt bustadsmønster. Vidare vert Vareide (2013) sin programteori for

attraktivitet presentert som det teoretiske rammeverket i oppgåva. Deretter følger ein presentasjon av datagrunnlaget brukt i analysen, samt ein metodedel med oversikt over korleis datamaterialet vert analysert. Resultata av analysen vert lagt fram og vidare vert funna drøfta opp mot det teoretiske rammeverket. Oppgåva avsluttast med ein konklusjon der det vert svara på problemstillinga.

Bakgrunn

Vestland

Som ein del av den landsomfattande regionreforma til Solberg-regjeringa vart Vestland fylke oppretta 1. januar 2020, ved samanslåinga av tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane. Fylket består av i alt 43 kommunar, med stor variasjon i befolkning, natur og næringsliv. Nær 60 prosent av innbyggjarane i fylket er busett i Bergensområdet. Sett bort frå Bergen og omland, er spreidd busetjing og lange geografiske avstandar mellom tettstader karakteristisk for store delar av fylket. Naturlegvis utgjer dette skilnadar i næringsliv, arbeidsmarknad og utdanningstilbod mellom kommunane i Vestland (Thorsnæs 2020).

Primærnæringane har tradisjonelt sett betydd mykje i Vestland. Gardsdrift, både husdyrhald og frukt- og bær dyrking, har vore viktig i store delar av fylket. Etersom alle av dei 43 kommunane har kystlinje har også fiske spela ei stor rolle, både frå gammalt av med fiske på kysten, men og i seinare tid med framvekst av oppdrettsanlegg. Per 2019 er Vestland landets største eksportfylke med rundt 20 prosent av total fastlandseksport. Størstedelen av eksporten kjem frå fisk og olje og gass. Vestland er fylket med flest sysselsette i verdikjeda for metall og industrimineral. Industrien har ei hovudvekt på verkstadindustri, som inneber maskin, skip og boreplattformer og metallvare. Heile 52 prosent av denne industrien si samla sysselsetjing i Noreg er sentrert i Vestland. Kommunar som Odda, Årdal og Høyanger har vore, og er til dels framleis, sterkt prega av dei tradisjonsrike hjørnesteinsbedriftene innanfor jern- og metallindustrien (Forskningsrådet 2020). Tertiærnæringa utgjer 76 prosent av arbeidsplassane i Vestland. Men også innanfor denne næringa er det store kommunale og regionale skilnadar. I Bergen kommune er 82 prosent av arbeidsplassane innanfor dei tenesteytande næringane, medan desse næringane utgjer 69 prosent av sysselsetjinga i resten av fylket (Thorsnæs 2020).

Sårbare lokalsamfunn

Eit robust næringsliv er ein grunnstein for eit levande og berekraftig berelokalsamfunn. Kor robust ein kommune er vert definert ut frå ei rekke kriteria, som blant anna er knytt til busetjing og demografi, konkurransedyktigheita til næringslivet og kompetansenivået i arbeidsstyrken. I robuste næringsliv er det altså balanse både i korleis befolkninga og næringane utviklar seg (SNF 22/07, s. 3). Mange kommunar står ovanfor utfordringar knytt til eit sårbart næringsliv, noko som igjen kan gjenspegle seg i demografien. Å få unge til å busetje og etablere seg i kommunane er viktig for utviklinga av lokalsamfunnet.

I 2019 vart det publisert ein rapport som kartla sårbarheita i næringslivet blant kommunane i det som no er Vestland fylke. Næringsmessig sårbarheit kan definerast som ein kommune sin risiko for å få ein sterk nedgang i sysselsetjinga (Vareide 2012, s. 5). Rapporten konkluderer med at det kan vera mange ulike årsaker til regional sårbarheit, men at ein næringsstruktur bestående av offentlege og private aktørar som samarbeider innan eit breitt spekter av næringar er viktig for utvikling uavhengig av kommunestørrelse (Sogn og Fjordane fylkeskommune 2019). Næringsmessig sårbarheit er ofte knytt til einsidige industristader og samfunn med sterke hjørnesteinsbedrifter. Dette er område som er kjenneteikna av at dei er sterkt avhengige av ein type industri, sysselsetjinga er ofte sentrert til eit fåtal bedrifter og store delar av arbeidsstyrken er utdanna innanfor same fagfelt, noko som kan gjere dei lite omstillingsdyktige i tilfelle av nedbemanning eller omorganisering i hjørnesteinsbedriftene (Zumbo 2021, s. 33). Geografisk sett ligg også desse industristadene ofte avsidesliggande og isolert, ettersom dei ofte er avhengige av tilgang på råvarer og naturressursar. I mange tilfelle gjer dette arbeidsmarknaden endå meir sårbar ettersom det då er lange avstandar til større arbeidsmarknader (Buvik 1983, s. 18).

Tyssedal i Ullensvang kommune er eit døme på ein einsidig industriplass der ringverknadane av nedgang i hjørnesteinsbedriftene fekk store konsekvensar for samfunnet rundt.

Internasjonale konjunkturar og store bedrifter med økonomiske problem førte til at aluminiumsverket i Tyssedal vart lagt ned, noko som førte til at mange vart arbeidsledige. Den negative utviklinga i økonomien og mangelen på eit robust næringsliv har ført til ei drastisk fråflytting – i løpet av dei siste 40 åra er folketalet på tettstaden nesten halvert (Zumbo 2021, s. 38). Tyssedal er slik eit døme på kor sårbart det kan vere dersom store delar av dei sysselsette i ein kommune er sentrert innanfor ei bestemt næring, i alle fall når denne næringa er prega av internasjonal konkurranse. Det er grunn til å tru at desse ringverknadane

av ein slik usikkerheit i arbeidsmarknaden kan påverke unge i valet om kor dei ynskjer å busetje seg i framtida. Det kan også tenkjast at dette er med på å påverka deira syn på framtida og deira val av utdanning.

Unge sitt bustadmønster

I 2020 utgreia distriktsnæringsutvalet næringslivets betydning for å nå distriktpolitiske mål. Her vert det trekt fram at det er ei omfattande utflytting frå distriktskommunar til sentrale strøk og at det må skje ei endring i unge sine bustadpreferansar dersom ein skal unngå at befolkningsnedgangen i mange distriktskommunar held fram. Utgreiinga peikar på at fødselsunderskotet i distrikta skuldast ein aldrande befolkning. Trass for at fruktbarheita i distriktet er om lag lik som i sentrale strøk, er det ein lågare del av innbyggjarane i distrikta som er i fruktbar alder (NOU 2020:12). Unge sine bustadmønster er altså ein av fleire drivarar for sentraliseringa, ettersom mange unge flyttar frå periferi til sentrum for å ta utdanning, og i mange tilfelle vert verande og etterkvart etablerer seg i meir sentrale strøk. Telemarksforsking har identifisert tre faktorar med signifikant betydning for nettoflyttetetal for kommunar: arbeidsplassutvikling i kommunen, arbeidsplassutvikling i kommunar det kan pendlast til og kommunane sin sentralitet. I tillegg til eit sterkt næringsliv, er altså høg grad av arbeidsmarknadsintegrasjon ein faktor som gjer kommunane meir robuste, noko som kan vere avgjerande for om folk ynskjer å flytte til, eller bli verande i distriktskommunane (Vareide 2012, NOU 2020:12, s. 61). Både unge som flyttar inn og ut av distrikta oppgjev i størst grad arbeid som motiv (Sørli, Aure og Langset 2012). Det er med andre ord godt grunnlag for å tru at næringsstrukturen i kommunane har ein påverknad på kva tankar unge gjer seg om ei framtid i kommunen.

Teoretisk rammeverk


Vår identifisering med heimstaden vår kan sjåast på som ein del av vår personlege identitet i form av til dømes minner, erfaringar og dialekt. Til trass for globaliseringsprosessar og stadig auka mobilitet er dei aller fleste framleis sterkt knytt til eit bestemt geografisk område (Dale og Tholstrup 2013, s. 114). Bo- og flyttemotivsundersøkinga frå 2008 viser at dei faktorane som i størst grad styrer unge sine flyttestraumar til distrikta ved sida av arbeid, er kjensle av stadstilhøyrsløse og identitet (Sørli 2009). For å forstå unge sitt bustadmønster og deira motivasjon for må ein altså legge både arbeidsmoglegheiter og identitet til grunn.

For å oppnå berekraftig utvikling i lokalsamfunna må ein skapa attraktive område. Og det er definitivt ein samanheng mellom næringslivet og kor attraktivt det er å bu ein stad (Vareide 2018, s. 18). Attraktivitet påverkar flyttestraumane, anten ved at staden tiltrekk seg næringsliv eller besøkjande som igjen kan skape arbeidsplassvekst og ei befolkningsauke, eller ved at staden er attraktiv som bustad uavhengig av arbeidsplassutviklinga (Vareide, Kobro og Storm 2013, s. 8). Lista over kva som kan tenkjast å påverka ein stad sin attraktivitet er veldig lang. I eit forsøk på å organisere dette, deler Vareide (2018) attraktivitet opp i fire kategoriar: Areal og bygningar, amenitetar, omdømme og stadleg kultur og identitet. Desse fire kategoriane av attraktivitetsfaktorar kan ha ulikt innhald alt etter korleis attraktivitetsdimensjon det er snakk om: bustad, besøk eller bedrift (s.187).

Kategorien som går på areal og bygningar ser på dei fysiske forholda som skapar bustadskvalitet, samt dei faktorane som spelar inn på kor attraktivt det er å flytta til ein stad, halde fram med å bu der, reise på ferie dit eller etablere bedrifta si der (Vareide 2018, s. 188). Dette er på mange måtar den kategorien som er lettast å knytte til attraktivitet ettersom tilgjengelege tomter, bustader og bustadprisar er eigenskapar som tydeleg påverkar kor attraktiv ein stad er (Vareide 2018, s. 191). Amenitetar er ein fellesnemning på ulike tilbod og gode som kan gjere stader attraktive. I denne samanhengen er det fysiske og konkrete tilbod som vert tilbydd på ein stad. Omgrepet omfattar offentlege- og private servicetilbod som til dømes skular, helsetenester, kulturtilbod og administrative tenester. For bedriftene vil fokuset vera på dei amenitetane som er med på å bidra til verdiskaping i bedrifta når dei tek avgjersler om kor dei ynskjer å etablere seg (Vareide 2018, s. 193). Den tredje kategorien av attraktivitetsfaktor er omdømme, det vert forstått som kva tankar andre enn stadens innbyggjarar har om staden. Omdømmet kan påverkast, og mange kommunar har hatt sine omdømeprosjekt der målet har vore å fått den aktuelle kommunen «på kartet» (Vareide 2018, s. 196).

Den siste kategorien er stadleg kultur og identitet, denne kategorien er knytt til relasjonelle og emosjonelle forhold blant innbyggjarane. Til trass for at dette kan vera forhold som er vanskeleg å måla statistisk, kan kultur og identitet ha stor betydning for staden sin attraktivitet. Døme på kulturelle forhold som kan vere med på å gjere ein stad attraktiv er samarbeidsånd, openheit, gjestfriheit, risikovilje og optimisme (Vareide 2018, s. 198). Det er grunnlag for å tru at stader med ein kultur der desse verdiane står sterkt, vil ha lettare for å oppnå vekst i næringslivet. På same måte vil stadar som er prega av verdier som gjestfriheit og openheit i større grad tiltrekke seg besøkjande (Vareide 2018, s. 199). Individets identitet er samansett

av personlege karaktertrekk og relasjonen mellom individet og fellesskapet ein høyrer til. Identiteten kan også ha spesifikke trekk for ein bestemt tidsperiode eller ein geografisk plassering. Ein finn ikkje berre identitet på individnivå, ei gruppe eller samfunn kan også ha ein felles identitet (Terlouw 2018, s. 258). Stadsidentitet seier noko om individets tilhøyrse og kor knytt befolkninga føler seg til nærområdet sitt. Jo meir ein identifiserer seg med staden, jo mindre tilbøyeleg vil ein vera til å flytta, trass for eit svakt arbeidstilbod. Sterk stadsidentitet påverkar også innbyggjarane sin motivasjon til å ha eit auka engasjement i lokalsamfunnet (Vareide 2018, s. 199).



Figur 1: Attraktivitetspyramide (Vareide, Kobro og Storm 2013, s. 1)

Figur 1 illustrer korleis lokalsamfunna samla er avhengige av både bustads-, besøks-, og bedriftsattraktivitet for å oppnå berekraftig vekst. Auka bedrifts- og besøksattraktivitet fører til fleire arbeidsplassar, og denne arbeidsplassveksten, saman med auka bustadsattraktivitet, vil kunne medføra vekst i lokalsamfunnet (Vareide, Kobro og Storm 2013).

Å sjå busetjing og næringsutvikling i samanheng er også noko Richard Florida har hatt fokus på. Florida (2012) trekk fram «den kreative klassen» som nøkkelen for regional utvikling. Denne klassen består av arbeidarar med høgare utdanning som ofte også er meir intellektuelt opne og som skapar innovative og konkurransekraftige produkt og tenester. Denne klassen ser seg først etter ein plass å bu, deretter ein spennande jobb. Denne typen arbeidarar trekkjast mot regionar der kulturen er open for nye menneske, idear og impulsar. Slik ser Florida på det å skapa lokalsamfunn der folk trivest godt, som den viktigaste biten av regional utvikling.

Regionane må altså først og fremst vera attraktive å bu i, og deretter kan ein leggje fokuset på å utvikla næringslivet (Florida 2012).

Data

I denne delen av oppgåva vil det gjerast reie for kor data er henta frå, korleis variablar som er brukt og grunnlaget for utvalet.

Ungdata 2021

Ungdata 2021 er ei undersøking som vart gjennomført på barne-, ungdoms-, og vidaregåandeskular over heile landet våren 2021. Undersøkinga består av eit standardisert og kvalitetssikra spørjeskjema med spørsmål som omfattar eit breitt spekter av temaområde, blant anna familie, vennskap, skule, lokalmiljø, helse, mobbing, regelbrot osv. Ungdata vart etablert i 2009, som eit samarbeid mellom velferdsforskningsinstituttet NOVA, kommunesektorens interesse og arbeidsgivarorganisasjon (KS) og dei regionale kompetansesentera for rus (KoRus). Formålet med Ungdata er å auka verdien på lokale undersøkingar slik at ein har betre moglegheit til å samanlikna resultat på tvers av fylker og kommunar, samt skaffa seg ei oversikt over korleis situasjonen til ungdom er på landsbasis. Undersøkinga er finansiert over statsbudsjettet og er eit stort og viktig kunnskapsgrunnlag for kartlegging, analyse og planlegging i kommunane, fylka og på landsbasis (OsloMet). Nesten alle kommunar i Vestland fylke deltok i undersøkinga i 2021, til saman omfatta dette omlag 48 000 barn og unge. I tillegg til det standardiserte spørjeskjemaet, utarbeida Vestland fylkeskommune ei vestlandspakke med tilleggsspørsmål for alle vidaregåande skular i fylket. Denne vestlandspakken vart også anbefalt til ungdomsskulane (Vestland fylkeskommune 2021).

Ungdata-resultata brukt i denne analysen er henta frå ungdomsskulane i fylket. Grunnlaget for dette utvalet er at alle elevane her går på skule i sin heimkommune. Datagrunnlaget vil då vera spreidd på fleire kommunar, også kommunar utan tilbod om vidaregåande skule. Ein anna fordel er at det i dette utvalet vart spurt om elevane ynskja å starte på yrkesfag på vidaregåande. I det ungdama-materialet fylkeskommunen har tilgang på frå elevane på vidaregåande skular i fylket finst det ikkje informasjon om dei går studiespesialiserande eller yrkesfag, og ettersom elevane som går studiespesialiserande har eit år lenger med skulegang ville det ha vore ei overvekt av desse elevane i utvalet. Denne skeivfordelinga ville ha gitt utslag på dei andre variablane i analysen. Ei av ulempene med å bruke datamateriale frå

ungdomsskuleelevar er at dei er svært unge, og at mange kanskje ikkje har gjort seg like klare tankar om framtida som det eldre elevar ville ha gjort.

I denne studia vert kommunane brukt som analyseiningar. Av dei 43 kommunane i fylket finst det ungdatabesultat frå 41 kommunar på ungdomsskulenivå, det finst ikkje datagrunnlag for kommunane Sveio og Fedje. Resultata henta ut frå ungdatabesultat er gjort om til eit gjennomsnitt på kommunenivå framfor å vera analyserte på individnivå. Formålet med analysen er å sjå på dei generelle strukturane på kommunenivå ettersom det er på dette nivået det vert gjennomført offentleg politikk og forvaltning som er av betydning for utviklinga av næringslivet. Med dette utgangspunktet var det derfor meir naturleg å analysere datamaterialet på kommunenivå. Tabell 1 viser ei oversikt over kva variablar som inngår i analysen, korleis spørsmål ungdommane vart stilt i undersøkinga og korleis verdi dette er målt i. Den siste variabelen *foreldre utan høgare utd.* skil seg ut i den grad at dette er ein kontrollvariabel som måler foreldra sitt utdanningsnivå, og dermed seier noko om ungdommane sin sosioøkonomiske bakgrunn framfor kva dei ynskjer og ser for seg i framtida.

Variabel	Spørsmål i ungdatabesultat	Verdi
<i>busetjing</i>	Kan du tenkje deg å bu i kommunen når du vert vaksen?	Del som har svara «Ja» av ungdomsskuleelevarane i kommunen
<i>yrkesfag</i>	Trur du at du vil komme til å begynne på yrkesfag på vidaregåande?	Del som har svara «Ja» av ungdomsskuleelevarane i kommunen
<i>fullføre vgs.</i>	Trur du at du vil komme til å fullføre vidaregåande skule?	Del som har svara «Ja» av ungdomsskuleelevarane i kommunen
<i>høgare utd.</i>	Trur du at du vil komme til å ta utdanning på universitet eller høgskule?	Del som har svara «Ja» av ungdomsskuleelevarane i kommunen
<i>arbeidsledig</i>	Trur du at du nokon gang vil bli arbeidsledig?	Del som har svara «Ja» av ungdomsskuleelevarane i kommunen
<i>lykke</i>	Trur du at du vil komme til å få eit godt og lykkeleg liv?	Del som har svara «Ja» av ungdomsskuleelevarane i kommunen
<i>foreldre utan høgare utd.</i>	Har dine foreldre/føresette utdanning frå universitet eller høgskule?	Del som har svara «Nei» av ungdomsskuleelevarane i kommunen

Tabell 1: Variablane henta frå ungdatabesultat2021

Pandamodellen

Som nemnt vil ein lite variert næringsstruktur gjere kommunane sårbare for endringar (SNF 22/07 2007, Sogn og Fjordane fylkeskommune 2019). Med utgangspunkt i dette er ungdata-resultata målt opp mot næringsstrukturane i kommunane. Data som seier noko om kommunane sin næringsstruktur er henta frå Panda-analyse. Panda står for plan- og analyseverktøy for næring, demografi og arbeidsmarknad. Pandamodellen er eit økonomisk-demografisk modellsystem som brukast til regionale analysar og framskrivingar, særleg innanfor demografi, befolkning og næringsliv. Modellen er utvikla for bruk i regional analyse og overordna planlegging på blant anna fylkesnivå (Panda analyse).

Indikatoren brukt for å måle einsidigheita i næringslivet i kommunane utformast som ein konsentrasjonsindeks tilsvarande ein Herfindal-Hirschmann-indeks. Indikatoren går mellom 0 og 1, der ein høg verdi her indikera at kommunen er avhengig av eit fåtal næringar. Teoretisk sett kan Herfindal-indeksen ta verdien 1 dersom alle sysselsette i kommunen arbeidar i same næring. I denne analysen er offentleg sektor utelate, og Herfindal-indeksen måler med andre ord berre næringsstrukturen i privat sektor. Tala som er henta i pandamodellen er frå 2019. Av kommunane som også har datagrunnlag frå ungdata er det Hyllestad som har den mest einsidige næringsstrukturen med ein score på 0.21, medan Bergen kom ut som den kommunen i fylket med mest variert næringsstruktur med ein indeks på 0.06. Herfindal-indeksen til kommunane er berekna slik:

$$herfindal_idx = \sum \left(\frac{sysselsatte(i)}{sum\ sysselsatte(1 - 48)} \right)^2, \text{ der } i = 1 - 48 \text{ (ulike pandanæringar)}^1$$

Metode

Analysen av datamaterialet vert gjort i to omgangar. Først vert samanhengen mellom variablane henta i ungdata-materialet målt i ei korrelasjonsanalyse. I andre omgang vert variablane frå ungdata sett på i samanheng med Herfindal-indeksen. Her vert kommunane delt inn i kvartilar etter deira verdi på Herfindal-indeksen, og vidare blir snittverdien til ungdata-variablane innanfor dei ulike kvartilane brukt som samanlikningsgrunnlag.

¹ Sjå vedlegg for oversikt over dei ulike pandanæringane

Korrelasjon er eit statistisk mål på kor mykje to målbare størrelsar heng saman med kvarandre. Samanhengen mellom variablane vert uttrykt i form av korrelasjonskoeffisientar i ei korrelasjonsanalyse. Den vanlegaste måten å uttrykkje korrelasjonskoeffisienten på er med Pearsons R. Denne måler styrken og retninga på samanhengen mellom variablane og er eit standardisert mål mellom -1 og 1. Jo nærare Pearsons R ligg ± 1 , jo sterkare er korrelasjonen. Når verdien derimot ligg tett op mot 0 er det ingen lineær samvariasjon mellom variablane (Midtbø 2016, s. 52). Eit anna viktig aspekt ved slike samanhengar er om dei er statistisk signifikante, altså om samanhengen i utvalet er tilfeldig eller om det kan seiast å vera gjeldande for heile populasjonen. Denne korrelasjonsanalysen har eit signifikansnivå på 0.05.

Andre del av analysen ser på samanhengen mellom ungdomsdata-variablane og grad av ein-sidig næringsstruktur. Dette vart gjort ved å rangere kommunane frå lågast til høgast verdi på Herfindal-indeksen og deretter kategorisere dei i tre grupper: kommunane med 25% lågast indeks, kommunane med 25% høgast indeks, og dei to kvartilane i mellom vart slått saman til ei gruppe med dei resterande 50% av kommunane. Vidare vart snittverdien til dei ulike ungdomsdata-variablane innanfor dei ulike gruppene målt, dette er presentert i *tabell 3*. For å teste om det me observerer i analysen er ein tilfeldig samanheng ved utvalet eller om resultatane faktisk er eigenskapar som er gjeldande for heile populasjonen, vart det gjennomført ein T-test av utvalet. Her vart nedste kvartil brukt som kontrollgruppe og dei to andre gruppene testa opp mot denne. Ut frå gjennomsnitt, standardavvik og tal einingar i kvar gruppe vart t-verdiar berekna i Excel. I ein to-hala test med eit signifikansnivå på 0.05 er den kritiske t-verdien ± 1.96 . Det vil seie at alle verdiar som er større enn dette er statistisk signifikante (Kristensen og Wikan 2019, s. 264). I *tabell 3* er dei statistisk signifikante størrelsane merka med *. Ein anna måte å kvalitetssikre resultatane på er ved å sjå på konfidensintervalla til verdiane. Eit konfidensintervall er eit mål på kor gode estimata av størrelsane me får ut er. Enkelt forklart indikerer eit smalt konfidensintervall at verdiane er sikre, medan eit breitt konfidensintervall indikerer usikre estimat (Bjørnstad 2018). Resultata frå *tabell 3* er også framstilt grafisk der prosentdelen på verdiane i dei ulike kvartilane visast i søylediagram, og konfidensintervalla til størrelsane er markert med ei nedre og ei øvre linje.

Resultat

		1	2	3	4	5	6	7
1	<i>busetjing</i>	1,000						
2	<i>yrkesfag</i>	0,150	1,000					
3	<i>fullføre vgs.</i>	0,051	0,095	1,000				
4	<i>høgare utd.</i>	-0,158	-0,430*	-0,036	1,000			
5	<i>arbeidsledig</i>	-0,274	0,0482	0,134	0,410*	1,000		
6	<i>lykke</i>	0,335*	0,210	0,406*	-0,027	0,048	1,000	
7	<i>foreldre utan høgare utd.</i>	-0,148	0,344*	0,371*	-0,556*	-0,253	0,160	1,000

Tabell 2: Korrelasjon mellom variablane frå ungdاتا. **Signifikansnivå:** * $p < 0.05$ (to-hala)

Tabell 2 viser korrelasjonen mellom variablane frå ungdاتا. Ein ser her at den variabelen som korrelerer sterkast med *busetjing*, altså om ungdommane ser for seg å bu i sin kommune når dei vert vaksne, er *lykke*, altså dei som trur dei vil få eit godt og lykkeleg liv. Denne korrelasjonen er tydeleg positiv, og det er den einaste signifikante korrelasjonen opp mot *busetjing*. Det er også ein positiv korrelasjon mellom *busetjing* og *yrkesfag*, variabelen som måler ungdommane si vilje til å ta yrkesfagleg vidaregåande opplæring. Når det kjem til variablane *høgare utd.*, *arbeidsledig* og *foreldre utan høgare utd.* er samanhengen med *busetjing* negativ. Dette indikerer at dei ungdommane som ser for seg å ta høgare utdanning, dei som trur dei kjem til å bli arbeidsledige og dei som har foreldre utan høgare utdanning har lågare vilje til å busetje seg i kommunen når dei vert vaksne. Når me vidare ser på variabelen *yrkesfag*, er det dei to signifikante korrelasjonane som skil seg ut, *høgare utd.* i negativ retning og *foreldre utan høgare utd.* i positiv retning. Den negative samanhengen mellom ungdommane som ynskjer å ta yrkesfag og dei som vil ta høgare utdanning er naturleg ettersom om ein til ei viss grad tek dette valet når ein vel mellom yrkesfag og studiespesialiserande allereie på ungdomsskulen. Det viser seg at dette valet kan vere påverka av foreldra ettersom ungdommane med foreldre utan høgare utdanning har større sannsyn for å velje yrkesfag på vidaregåande. Variabelen *fullføre vgs.* som måler delen av ungdommane som ser for seg å fullføre vidaregåande opplæring, korrelerer sterkt positivt, og er signifikant, med dei som ser for seg eit godt og lykkeleg liv og dei med foreldre utan høgare utdanning.


Når det gjeld delen av ungdommane som ser for seg å ta høgare utdanning ser me to tydelege, og signifikante samanhengar i kvar sin retning. Det er ein sterk positiv samanheng mellom ungdommane som ser for seg å ta høgare utdanning og dei som ser for seg å bli arbeidsledige. Den sterkaste korrelasjonen i *tabell 2* finn me i den tydelege negative samanhengen mellom ungdommane som tenkjer seg å ta høgare utdanning og ungdommane med foreldre utan høgare utdanning. Variabelen *arbeidsledigheit* korrelerer negativt med ungdommane som har foreldre utan høgare utdanning.

Variablar	Nedste kvartil (0 – 25 %)	Midt kvartilar (26 – 75%)	Øvste kvartil (76 – 100%)
<i>Verdi på Herfindal-indeks</i>	<i>Under 0.07481</i>	<i>Mellom 0.0748 og 0.1102</i>	<i>Over 0.11019</i>
<i>busetjing</i>	36,6%*	36,6%	25,2%*
<i>yrkesfag</i>	42,8%*	48,7%*	46,6%
<i>fullføre vgs.</i>	83,4%	86,0%	85,0%
<i>høgare utd.</i>	46,5%	43,5%	42,9%
<i>arbeidsledig</i>	14,1%	15,4%	16,6%
<i>lykke</i>	67,5%*	70,2%	63,3%*
<i>foreldre utan høgare utd.</i>	13,6%*	15,4%	17%*


*Tabell 3: Gjennomsnittsverdiane for variablane i dei ulike kvartilane. Verdiane merka med * har eit signifikansnivå på 0. 05*

Tabell 3 viser gjennomsnittsverdiane for dei ulike variablane innanfor kvartilane. Desse verdiane er også framstilt grafisk i figurane under, saman med konfidensintervalla til estimata. På variabelen *busetjing*, altså kor stor del som kan tenkje seg å busetje seg i kommunen når dei vert vaksne, ser me at det ikkje er skilnad mellom kommunane i nedre kvartil og i midtkvartilane. Når me derimot bevega oss over til kommunane som ligg i øvste kvartil, altså kommunane med ein einsidig næringsstruktur ser me at prosentdelen av dei unge som kan tenkje seg å busetje seg i kommunen når dei vert vaksne fell drastisk med nesten 10%. I *figur*

2, som viser *busetjing* grafisk, ser me at konfidensintervallet i øvre kvartil er noko breiare enn i dei andre kvartilane, men at heile intervallet ligg lågare enn intervalla til dei andre kvartilane. Dette er ein tydeleg indikasjon på at ein lågare del av ungdommane i kommunar med ein-sided næringsstruktur er villige til å busetje seg i kommunen når dei vert vaksne.




Figur 2: Grafisk framstilling busetjing




Figur 3: Grafisk framstilling av yrkesfag

Når det gjeld variabelen *yrkesfag*, delen av ungdommane som ynskjer å begynne på yrkesfagleg vidaregåande opplæring, ser me at prosentdelen er høgast blant kommunane i midt kvartilane, her vil nesten halvparten av ungdommane gå yrkesfagleg retning. Den lågaste delen unge som ynskjer å starte på yrkesfagleg vidaregåande opplæring finn me i kommunane med mest variert næringsstruktur. Ut frå konfidensintervalla i *figur 3* ser me at estimatet for nedre kvartil og midtkvartilane er ganske presise, desse verdiane kan altså seiast å vera gode mål på den faktiske størrelsen. Konfidensintervallet i øvre kvartil er derimot alt for breitt til at me har noko grunnlag for å seie noko om delen som ynskjer å gå yrkesfag i kommunane med mest ein-sided med ein-sided næringsstruktur.




Figur 4: Grafisk framstilling av fullføre vgs




Figur 5: Grafisk framstilling av høgare utd.

På variabelen *fullføre vgs.*, som indikerer kor stor del av ungdommane som trur dei kjem til å fullføre vidaregåande skule, er det små skilnadar mellom dei ulike grupperingane av kommunane som me ser i *figur 4*. Konfidensintervalla er i alle tilfelle ganske smale, så estimata for størrelsane er gode. Variabelen *høgare utd.*, som gir oss ein indikasjon på delen ungdommar i kommunen som ynskjer å ta utdanning på høgskule eller universitet, viser også relativt jamne verdiar på tvers av dei ulike kvartilane. Den høgaste delen finn me i kommunane med ein variert næringsstruktur. *Figur 5* viser at den estimerte verdien i øvre kvartil er noko meir unøyaktig enn dei andre verdiane.




Figur 6: Grafisk framstilling av arbeidsledig



Figur 7: Grafisk framstilling av lykke

Også variabelen *arbeidsledig* har marginale skilnadar på tvers av kvartilane. Det er ein vag tendens til at delen unge som trur dei nokon gang kjem til å bli arbeidsledige aukar i takt med ein høgare verdi på Herfindal-indeksen, men ut frå *figur 6* ser me at den estimerte verdien for øvre kvartil er noko usikker. *Lykke* er delen unge som trur dei kjem til å få eit godt og lykkeleg liv. *Figur 7* viser smale konfidensintervall i alle kvartilane, noko som tyder på presise estimat. På denne variabelen er det unge i kommunar med einsidig næringsstruktur som scorar lågast. Ungdommane i kommunane i midtkvartilane er dei som scorar høgst.



Figur 8: Grafisk framstilling av foreldre utan høgare utd.

Den siste variabelen *foreldre utan høgare utd.* måler kor stor del av ungdommane som har foreldre utan utdanning frå universitet eller høgskule. *Figur 8* og *tabell 3* viser at delen ungdommar som har foreldre utan høgare utdanning aukar i takt med ein meir einsidig næringsstruktur.

Diskusjon

Hovudformålet med denne oppgåva er å sjå om kommunal næringsstruktur har noko påverknad på om unge ynskjer å busetje seg i sin heimkommunen når dei vert vaksne. Ut frå *figur 2* ser me ein tydeleg tendens til at unge i kommunar med ein einssidig næringsstruktur har lågare vilje til å busetje seg i sin kommune i framtida. I denne delen av oppgåva vert moglege forklaringar på kva dette kan skuldast drøfta med utgangspunkt i tidlegare empiri, det teoretiske rammeverket og funn frå analysen. Resultata blir drøfta i to delar: utdanning og framtidsoptimisme.

Utdanning

Som nemnt oppgjer flest unge som flyttar, både til distrikta og til sentrale strøk, arbeid som det viktigaste motivet (Sørli, Aure og Langset 2012). Det er derfor viktig å få eit innblikk i kva tankar dei unge gjer seg kring utdanning, ettersom dette i stor grad avgjer både korleis jobbar ein ynskjer å ta og korleis jobbar ein er kvalifisert til. Korleis kompetanse som er etterspurt i arbeidsmarknaden er i stor grad avhengig av næringsstrukturen i kommunane.

Kor stor del av ungdommar i kommunar med einssidig næringsstruktur som ynskjer å begynne på yrkesfag på vidaregåande kan ikkje kommenterast direkte ettersom konfidensintervallet til øvste kvartil i *figur 3* var veldig breitt. Det ein derimot ser er ein tendens til at fleire av ungdommane i kommunar med noko einssidig næringsstruktur ynskjer å ta yrkesfagleg utdanning enn i kommunar med variert næringsstruktur. Trass for at denne skilnaden mellom gruppene er på heile 6 prosentpoeng, er det ingen skilnad i gruppene når det gjeld delen unge som ynskjer å busetje seg i heimkommunen når dei blir vaksne. Slik kan desse resultata vere ein indikator for at yrkesfagleg utdanning gjer det meir aktuelt å busetje seg i ein kommune med ein meir einssidig næringsstruktur. Ut frå korrelasjonsmatrisa i *tabell 2* ser me også at det er ein signifikant positiv samanheng mellom unge som ynskjer å ta yrkesfag og dei som har foreldre utan høgare utdanning. *Figur 8* viser at det er ein større del av unge i kommunar med einssidig næringsstruktur som har foreldre utan høgare utdanning. Så til trass for at me ikkje kan kommentere delen i øvste kvartil direkte ut frå *figur 3*, underbyggjer dei andre funna i analysen at det kan vera grunn for å tru at fleire ynskjer å ta yrkesfagleg utdanning i kommunar med ein einssidig næringsstruktur enn kva det er i kommunar med ein variert næringsstruktur.

Ein grunn for dette kan vere at ein høgare del av jobbane i kommunar med einsidig næringsstruktur krev yrkesfagleg kompetanse enn kva som er realiteten i meir sentrale kommunar med eit variert næringsliv. Kommunar der næringsstrukturen er einsidig er ofte industrikommunar som er kjenneteikna av at sysselsetjinga er sentrert til eit fåtal bedrifter (Zumbo 2021, s. 33). Kommunane Høyanger, Årdal og Hyllestad er nokre av kommunane som fell inn i gruppa «øvste kvartil» i denne analysen. Felles for desse kommunane er at dei over tid har vore prega av sterke hjørnesteinsbedrifter, i dei to førstnemnde innanfor jern- og metallindustri og sistnemnde innanfor skipsverft (Thorsnæs 2020). Kommunane si geografiske plassering gjer det attraktivt for industribedrifter å etablere seg her ettersom dette ofte er kommunar med god tilgang på råvarer og naturressursar (Buvik 1983, s. 18). Kommunane har altså til ei viss grad ein del av attraktivitetspyramiden (*figur 1*) på plass, nemleg bedriftsattraktivitet. Men eit problem som oppstår når store delar av arbeidsstyrken er sentralisert innanfor eit fåtal bedrifter er at ein ofte får ein arbeidsstyrke med eit veldig spesifikt kompetansetilbod. Vestland har generelt eit høgt utdannings- og kompetansenivå, men med store skilnader innad i fylket (Haugsdal 2019, s. 12). Noko av desse regionale skilnadane kjem til syne i *figur 8*, som illustrerer at ein høgare del av foreldra i kommunar med meir einsidig næringsstruktur ikkje har høgare utdanning. Dette kan vera ein indikator for at det er fleire jobbar som krev yrkesfagleg utdanning i kommunar i midtkvartilane og øvste kvartil, og at det derfor vil vera meir aktuelt for dei unge å ta yrkesfagleg utdanning dersom dei ynskjer å busetje seg i sin heimkommune når dei blir vaksne.

Skilnaden i del unge som ynskjer å ta utdanning på høgskule eller universitet er relativt liten på tvers av kvartilane, men høgast i kommunar med ein variert næringsstruktur (*figur 5*). På den eine sida kan dette underbyggja det variabelen *yrkesfag* viste, nemleg at det er meir aktuelt for unge i kommunar med einsidig næringsstruktur å ta yrkesfagleg utdanning, medan det for ungdommar i kommunar med ein variert næringsstruktur kan vera aktuelt å ta høgare utdanning. Til forskjell frå kommunar med einsidig næringsstruktur der yrkesfagleg kompetanse ofte er ettertrakta, vil det vera større etterspørsel etter arbeidstakarar med høgare utdanning i kommunar med variert næringsstruktur. Me ser også ein signifikant negativ korrelasjon mellom unge som ynskjer å ta høgare utdanning og unge med foreldre utan høgare utdanning (tabell 2). Unge sitt utdanningsval kan altså i stor grad relaterast til foreldra sitt utdanningsnivå, og ettersom delen foreldre utan høgare utdanning er høgare i kommunar med einsidig næringsstruktur kan dette også vere med på å forklare kvifor delen unge som ynskjer å ta høgare utdanning også er lågast her. På den andre sida kan dei små forskjellane mellom

kvartilane også seiast å kunne forklare den drastiske nedgangen i øvre kvartil på variabelen *busetjing*, altså kvifor færre unge frå kommunar med ein-sidig næringsstruktur ynskjer å busetje seg i sin heimkommune når dei blir vaksne. Ettersom det er små forskjellar i kor mange som ynskjer å ta høgare utdanning, men ein lågare del arbeidsplassar som krev høgare utdanning i dei meir ein-sidige kommunane, kan dette vere noko av grunnen for at færre unge ser for seg ei framtid her. Grunna tilgang på naturressursar og råvarer ligg ofte industrikommunar med ein-sidig næringsstruktur avsidesliggjande til. Denne geografiske plasseringa er noko som er med på å gjere arbeidsmarknaden endå meir sårbar ettersom det då ofte er lange avstandar til større arbeidsmarknader noko som gjer det vanskeleg for dei med ein anna kompetanse enn det som er etterspurt på kommunen sin arbeidsmarknad, å busetje seg her (Buvik 1983, s. 18).

Eit høgt utdanningsnivå i ei befolkning er ikkje nødvendigvis eit mål i seg sjølv. Men ein variert arbeidsstyrke samansett av folk med ulik kompetanse er noko som kan bidra til å gjere omstilling i næringslivet lettare (Haugsdal 2019). Til trass for at ressursar og råvarer kan gjere ein kommune attraktiv for bedriftsetablering og skape arbeidsplassvekst, kan også bedriftsetablering av denne sorten skape ein-sidigheit i næringslivet. Ein konsekvens av dette kan vere at det på sikt hovudsakleg blir etterspurt arbeidarar med ein spesifikk kompetanse. Dersom til dømes internasjonale konjunkturar fører til nedbemanning eller bedriftsnedlegging, som var tilfellet i Tyssedal, vil ein stå att med ein lite omstillingsdyktig arbeidsstyrke i kommunen. Ein ein-sidig næringsstruktur vil då i verste fall kunne medføre stor grad av fråflytting i slike tilfelle.

Framtidsoptimisme

For at det skal vera attraktivt for eit individ å busetja seg ein stad er ein avhengig av at ein ser for seg ei god framtid her. Når det i denne samanhengen er snakk om ungdommane si vilje til å busetje seg i sin heimkommune kan dette sjåast i samanheng med variablane som måler deira optimisme for framtida. På kort sikt er det små forskjellar i ungdommane sin framtidsoptimisme, men når me ser på lang sikt er det ein tendens til at unge i kommunar med ein-sidig næringsstruktur er mindre optimistiske for framtida enn kva unge i kommunar med ein meir variert næringsstruktur er. Dette viser seg både i variabelen *arbeidsledig*, som måler kor stor del av ungdommane i kommunen som ser for seg at dei nokon gang vil bli

arbeidsledige og i variabelen *lykke* som måler kor del av ungdommane som ser for seg eit godt og lykkeleg liv.

Variabelen *fullføre vgs.* måler ungdommane sin framtidsoptimisme på kort sikt. Denne variabelen viser relativt små forskjellar mellom kvartilane, men i kommunar med variert næringsstruktur er det færrest som oppgjev at dei trur dei ikkje kjem til å fullføre vidaregåande skule. Det var også i desse kommunane færrest som oppgjev at dei ynskjer å begynne på yrkesfag på vidaregåande, og færrest som hadde foreldre utan høgare utdanning. Det kan for ungdommar i kommunar med variert næringsstruktur ligga ein større forventning at dei skal ta høgare utdanning fordi kompetansekrava på ein stor del av jobbane er høgare i desse kommunane. Som nemnt kan me anta at unge sitt utdanningsval også kan relaterast til foreldra sitt utdanningsnivå. I og med at det er fleire i kommunar med variert næringsstruktur som har foreldre med høgare utdanning, kan det her vere høgare forventningar til at desse ungdommane skal ta ei vidaregåande utdanning som kvalifiserer dei til vidare utdanning på universitet eller høgskule. At elevar som kanskje er skuleleie og lite motiverte allereie på ungdomsskulen føler seg plikta til å ta ei høgare utdanning framfor å vele ei meir praktisk utdanning, kan slik medføre at nokre elevar ikkje ser for seg å fullføre vidaregåande.

Arbeidsledigheit er ein variabel som gir uttrykk for ungdommane sin framtidsoptimisme på lang sikt, og det viser seg i denne variabelen ein tendens til at delen unge som trur dei vil bli arbeidsledige i vaksen alder aukar i takt med kommunane sin verdi på Herfindal-indeksen (*figur 6*). Ein lite variert næringsstruktur er ofte ein indikator på eit sårbart næringsliv. Fleire av kommunane i øvste kvartil er industrikommunar med låg grad av arbeidsmarknadsintegrasjon, der store delar av innbyggjarane er sysselsette i næringar som er prega av internasjonal konkurranse (Vareide 2012, s. 5). Dette er faktorar som aukar risikoen for fall i sysselsetjinga i kommunen. Tyssedal er eit døme på korleis eit sårbart næringsliv skapar usikkerheit i arbeidsmarknaden (Zumbo 2021, s. 38). Fleire industrikommunar har gjennom dei siste tiåra vore gjennom store omveltingar i arbeidslivet, som i større eller mindre grad har medført arbeidsledigheit i lokalsamfunna (Zumbo 2021, s. 44). Ettersom eit sårbart næringsliv kan få store utslag i lokalsamfunna, er det grunn for å tru at ein høgare del unge i kommunar med ein einseitig næringsstruktur har vore vitne til at arbeidsledigheit har ramma familie, kjente eller lokalsamfunnet generelt. At dette då er ein risiko dei i større grad tenkjer over at kan ramme dei sjølve på eit seinare tidspunkt er ikkje så unaturleg. *Tabell 2* viser også ein tydeleg positiv korrelasjon mellom *arbeidsledig* og *høgare utd.*. Ser me dette i

samanheng med ein-sided næringsstruktur kan dette vere eit uttrykk for at frykta for å bli arbeidsledig i framtida gir dei unge incentiv til å ta ei utdanning der dei er meir omstillingsdyktige i arbeidslivet. Utdanning frå høgskule eller universitet kan også gi incentiv til å busetje seg i kommunar med ein meir variert næringsstruktur og ein meir robust arbeidsmarknad der risikoen for arbeidsledigheit er lågare.

Når det gjeld dei unge sin framtidsoptimisme i form av om dei ser for seg eit godt og lykkeleg liv er det veldig mange faktorar som kan påverke dette, til dømes familierelasjonar, vennskap, trivsel på skulen og i nærmiljøet osv. Trass for at det er færrest ungdommar i kommunar med ein-sided næringsstruktur som oppgjev at dei ser for seg eit godt og lykkeleg liv, er det usikkert kor mykje av denne variasjonen som har direkte samanheng med kommunane sin næringsstruktur. Det som derimot kan spele inn på unge sine tankar om eit godt og lykkeleg liv er i kor stor grad dei identifiserer seg med heimstaden sin og kulturen der. Dersom den kollektive haldninga på ein stad er prega av openheit og toleranse kan dette vere noko som gjer ungdommane meir optimistiske for framtida og som igjen påverkar ynskje deira om å busetje seg i heimkommunen når dei blir vaksne. Det same gjeld for stadsidentitet, jo sterkare tilhøyrslø ein føler til staden og jo sterkare knytt ein er til lokalbefolkninga, jo meir tilbøyeleg vil ein vera til å etablere seg her.

Kva verdiar som blir viktige i ein kultur kan ha samanheng med utdanningsnivået til befolkninga. I følge Florida (2012) vil høgt utdanna arbeidarar, arbeidarar i den «kreative klassen» trekkjast mot regionar der kulturen er open for nye menneske, impulsar og idear. Slik vil samfunn som har ein variert næringsstruktur og ei befolkning med eit høgare utdanningsnivå ofte ha ein kultur med høgare toleranse og openheit. Dette kan igjen påverke dei unge i kommunen sitt syn på framtida ettersom ein kultur der openheit og toleranse kan ha ein positiv effekt på dei unge sin optimisme for framtida og deira lyst til å bli verande i sin heimkommune i vaksen alder. Me ser ut frå *figur 8* at det er færrest foreldre utan høgare utdanning i kommunane med ein-sided næringsstruktur. Foreldra sitt utdanningsnivå kan vere ein god indikator på det generelle utdanningsnivået i kommunane. Ut frå Florida sin teori kan me derfor anta at dette også er kommunar med mindre openheit og toleranse. Det er i desse kommunane lågast del unge som trur dei vil få eit godt og lykkeleg liv. Dette kan vere eit uttrykk for at deler av ungdommane her opplever mindre toleranse for å vera annleis eller skilje seg ut til dømes.

I kor stor grad variabelen *lykke* er påverka av næringsstrukturen er vanskeleg å seie. Men uavhengig av dette er *lykke* den variabelen som gir sterkast utslag på om dei unge ynskjer å busetje seg i sin heimkommune når dei blir vaksne eller ikkje, denne samanhengen er tydeleg positiv (*tabell 2*). Dette gir altså ein tydeleg indikasjon på at dei unge har eit sterkare ynskje om å busetje seg i sin heimkommunen når dei blir vaksne dersom dei også ser for seg eit godt og lykkeleg liv.

Konklusjon

Hovudfunnet i analysen er at kommunal næringsstruktur ser ut til å ha ein påverknad på unge sitt ynskje om å busetje seg i sin heimkommune når dei vert vaksne. Det er drastisk færre unge som ynskjer å busetje seg i kommunar med ein einsidig næringsstruktur når dei vert vaksne. I denne analysen vert dette funnet sett på i samheng med kva tankar dei unge i kommunane gjer seg om utdanning og deira optimisme for framtida. Det viser seg at unge sine tankar om utdanning i liten grad er påverka av næringsstruktur, noko som kan forklare skilnadane i ynskje om framtidig busetjing i heimkommunen. Ei av drivkreftene for sentraliseringa er distriktsungdom som flyttar til meir sentrale strøk, unge frå kommunar med einsidig næringsstruktur flyttar til byar og tettstader for å ta høgare utdanning og etablerer seg der som ein konsekvens av at arbeidsmarknaden i deira heimkommune ikkje tilbyr dei jobbane denne gruppa ynskjer seg. Det viser seg også at unge i kommunar med einsidig næringsstruktur er mindre optimistiske for framtida, både med tanke på risikoen for arbeidsledigheit og i trua på at dei kjem til å få eit godt og lykkeleg liv. Det å få eit innblikk i unge sine tankar allereie frå ein tidleg alder er viktig for å forstå deira val seinare i livet og for å kartleggje kva faktorar som spelar inn på kor dei ynskjer å busetje seg.

Noko som ikkje er teke omsyn til i denne analysen er kjønnsfordeling. NOU 2020:12 konkluderer med at den svake befolkningsutviklinga i distrikta dei siste tiåra skuldast nettoutflytting som har ført til ein lågare del kvinner i fødedyktig alder (s. 57). På landsbasis er 60 prosent av dei som tek høgare utdanning kvinner, og denne kjønnsforskjellen er endå større i distrikta enn i byane (Hanssen 2020). Som nemnt kan næringsstrukturen og arbeidsmarknaden kan gjere det utfordrande for dei med høgare utdanning å etablere seg i distrikta ettersom denne type kompetanse ikkje er like mykje etterspurt her. I ei større oppgåve hadde det vore spennande å sjå om det kjem fram forskjellar mellom kjønna allereie i ungdomsskulealder når det kjem til busetjing, utdanning og optimisme for framtida.

Referansar:

Tekstreferansar:

- Bjørnstad, Jan 2022. *konfidensintervall* Store Norske Leksikon 2018 [lesedato 29. April 2022]. Henta frå <https://snl.no/konfidensintervall>.
- Buvik, Martin. 1983. *Problemer og muligheter på ensidige industristeder*. Vol. 1983:10, *Ensidige industristeder*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dale, Britt , and Line Tholstrup. 2013. "By eller land? Forhandlinger om hjemstedets identitet i en region i endring " I *Hus, hjem og sted : geografiske perspektiver på vår samtid*, Red av Cathrine Brun and Gunnhild Sletten. Trondheim: Akademika.
- Florida, Richard. 2012. *The rise of the creative class : revisited*. 10th anniversary utg. New York: Basic Books.
- Forskningsrådet. *Fylkesvise kunnskapsgrunnlag*. Forskningsrådet 19. oktober 2020 [lesedato 7. februar 2022]. Henta frå <https://www.forskningsradet.no/Statistikk-og-evalueringer/statistikk-og-evalueringer/forskning-og-innovasjon-i-norge/fylkesvise-kunnskapsgrunnlag/vestland/>.
- Hanssen, Øyvind 2022. *Utdanningsnivå, distrikt og kjønnsforskjeller*. Khrono, 13. April 2020 2020 [lesedato 15. Mai 2022]. Henta frå <https://khrono.no/utdanningsniva-distrikt-og-kjonnsforskjeller/479076>.
- Haugsdal, Rune 2019. Vestland - Statistikk og utviklingstrekk.
- Kristensen, Ørjan, and Arild Wikan. 2019. *Sannsynlighetsregning og statistikk : for høyere utdanning*. 2. utgave. utg. Bergen: Fagbokforlaget.
- Meld. St. 5 (2019–2020). *Levende lokalsamfunn for fremtiden — Distriktmeldingen*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-5-20192020/id2674349/>.
- Midtbø, Tor. 2016. *Regresjonsanalyse for samfunnsvitere : med eksempler i Stata*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nordthug, Hildegunn. 2021. Unges motivasjon for å bo i distriktene NOU 2020:12. 2020. *Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn Norges offentlige utredninger (tidsskrift : trykt utg.)*. Oslo: Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon, Teknisk redaksjon.
- OsloMet. *Hva er ungdatabasen?* . Ungdata [lesedato 3. februar 2022]. Henta frå <https://www.ungdata.no/hva-er-ungdata/>.

- Panda analyse. 2022. *Pandamodellen* [lesedato 21 Mars 2022]. Henta frå <https://www.pandaanalyse.no/pandamodellen/>.
- SNF 22/07. 2007. *Indikatorer for lokal sårbarhet : utredning av et analyseverktøy*: SNF.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune. 2019. Sårbarheitssindeks for næringslivet: Sogn og Fjordane og Hordaland 2019
- Sørli, Kjetil 2009. *Bolyst og stedsattraktivitet*. Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Sørli, Kjetil, Marit Aure, and Bjørg Langset. 2012. *Hvorfor flytte? Hvorfor bli boende? Bo- og flyttemotiver de første årene på 2000-tallet*. Norsk institutt for by- og regionforskning.
- Terlouw, Kees. 2018. "Regional identities: quested and questioned." I, 256-267. Edward Elgar Publishing.
- Thorsnæs, Geir *Vestland* Store norske leksikon 12. oktober 2020 2020 [lesedato 5. februar 2022]. Henta frå <https://snl.no/Vestland>.
- Vareide, Knut. 2012. "Sårbar eller robust? : sårbarhetsindeksen 2012, en analyse av norske kommuners næringsmessige sårbarhet." I: Telemarksforskning.
- Vareide, Knut. 2018. *Hvorfor vokser steder?* Oslo: Oslo: Cappelen Damm Akademisk/NOASP (Nordic Open Access Scholarly Publishing).
- Vareide, Knut, Lars Ueland Kobro, and Hanna Nyborg Storm. 2013. *Programteori for attraktivitet. Sammendragsrapport*. Telemarksforskning.
- Vestland fylkeskommune. *Resultata frå Ungdata 2021*. Vestland fylkeskommune 2021 [lesedato 25. januar 2022]. Henta frå <https://www.vestlandfylke.no/statistikk-kart-og-analyse/rapportar/ungdata-2021/>.
- Zumbo, Peter Pierre. 2021. *Ensidige industristeder og hjørnesteinsbedrifter, uis*.

Figur- og tabell-liste:

Tabell 1: Variablane og kva dei indikerer

Tabell 2: Korrelasjon mellom variablane frå ungdatabasen

Tabell 3: Gjennomsnittsverdiene for variablane i dei ulike kvartilane

Figur 1: Attraktivitetspyramide (Vareide, Kobro og Storm 2013, s. 1)

Figur 2: Grafisk framstilling av *busetjing*

Figur 3: Grafisk framstilling av *yrkesfag*

Figur 4: Grafisk framstilling av *fullføre vgs*

Figur 5: Grafisk framstilling av *høgare utd.*

Figur 6: Grafisk framstilling av *arbeidsledig*

Figur 7: Grafisk framstilling av *lykke*

Figur 8: Grafisk framstilling av *foreldre utan høgare utd.*

Vedlegg: Panda-næringar

1	Jordbruk, jakt og viltstell
2	Skogbruk
3	Fiske og fangst
4	Akvakultur (Fiskeoppdrett)
5	Utvinning av råolje og naturgass, rørtransport
6	Tjenester tilknyttet utvinning av råolje og naturgass
7	Bergverksdrift
8	Fiskeforedling
9	Produksjon av næringsmidler (unntatt fiskeforedling)
10	Produksjon av tekstil- og bekledningsvarer
11	Produksjon av trelast og trevarer
12	Produksjon av papir og papirvarer (Treforedling)
13	Grafisk produksjon og reproduksjon av innspilte opptak
14	Oljeraffinering, kjemisk og farmasøytisk industri
15	Produksjon av gummi- og plastprodukter
16	Produksjon av mineralske produkter (glass og keramiske produkter, sement og betongprodukter)
17	Produksjon av metaller (jern og stål, aluminium mv)
18	Produksjon av metallvarer (inkl konstruksjoner)
19	Produksjon av datamaskiner, elektroniske produkter og elektrisk utstyr
20	Bygging av skip og båter, oljeplattformer og moduler
21	Produksjon av maskiner og andre transportmidler
22	Produksjon av møbler og annen industriproduksjon
23	Reparasjon og installasjon av maskiner og utstyr
24	Produksjon og distribusjon av elektrisitet, fjernvarme og gass
25	Vannforsyning og avløp, gjenvinning av avfall og miljørydding
26	Bygge- og anleggsvirksomhet
27	Handel med og reparasjon av motorkjøretøy
28	Engros- og agenturhandel (utenom motorkjøretøy)
29	Detaljhandel (utenom motorkjøretøy)
30	Utenriks sjøfart, supplybåter
31	Innenriks sjøfart
32	Land- og lufttransport
33	Lagring og andre tjenester tilknyttet transport
34	Post og distribusjonsvirksomhet
35	Overnattings- og serveringsvirksomhet
36	Forlagsvirksomhet, Film-, video- og musikkproduksjon, radio- og fjernsynskringkasting
37	Telekommunikasjon, informasjonsteknologi og informasjonstjenester
38	Finansiell tjenesteyting og forsikringsvirksomhet
39	Omsetning og drift av fast eiendom
40	Faglig, rådgivende og teknisk tjenesteyting
41	Forskning og utviklingsarbeid
42	Utleievirksomhet, arbeidskrafttjenester
43	Reiselivsvirksomhet
44	Vakttjenester og annen forretningsmessig tjenesteyting
45	Reparasjon av husholdningsvarer, datamaskiner og annen personlig tjenesteyting
46	Privat undervisning
47	Private helse-, pleie- og omsorgstjenester
48	Kunstnerisk og kulturell virksomhet, sport og fornøyelser, medlemsorganisasjoner og internasjonale organer
49	Kommunal tjenesteyting
50	Statlig tjenesteyting